



## Årsregnskap for regnskapsåret 2010

Organisasjonsnr: 990 149 224  
Navn/foretaksnavn: LUSTER IDRETTSLAG  
Forretningsadresse: 6872 LUSTER

Brønnøysundregistrene  
05.11.2024

---

### **Brønnøysundregistrene**

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05

E-post: [firmapost@brreg.no](mailto:firmapost@brreg.no) Internett: [www.brreg.no](http://www.brreg.no)

Organisasjonsnummer: 974 760 673




Brønnøysundregistra

Rekneskapsregisteret

+ VEDLEGG TIL ÅRSREKNESKAP 2010

Brønnøysundregistra  
Rekneskapsregisteret  
8910 BRØNNØYSUND



LUSTER IDRETTSKLAG 6872 LUSTER	Organisasjonsnr.  990 149 224	FLI
		FRIV

Registrerte opplysninger per 14.11.2011		Eventuelle endringer dette regnskapsåret	
Startdato 01.01.2010	Avslutningsdato 31.12.2010	Startdato	Avslutningsdato
Konsernforhold Foreiningar som følgjer reglane for frivillig verksemd, kan ikkje vere morselskap	Morselskap NEI	Endring av konsernforhold <input type="checkbox"/> Morselskap <input type="checkbox"/> Ikkje morselskap	

Årsrekneskapan er sett opp etter reglane for frivillig verksemd  Avkryssing er berre aktuelt for foreiningar (FLI) som er registrert i Frivilligregisteret

Dersom eininga ikkje følgjer norsk rekneskapslov, eller frivilligregisterlova, kryss av  IFRS/Forenkla IFRS selskap  IFRS/Forenkla IFRS konsern

Dersom eininga vel å avvike frå rekneskapslova § 6-1, kryss av  Funksjon selskap  Funksjon konsern

Blir rekneskapsreglane for små føretak følgde?  Ja  Nei ✓

Eg stadfestar at den vedlagde årsrekneskapan er fastsett av kompetent organ den Dato 1.12.2011 ✓

Stad/dato, Underskrift av representant for eininga  
Luster Svein Tore Helgøe

Berre til bruk for Rekneskapsregisteret Au GMS

G  NYVE  Admr  Kregm Ja  Nei  Utt kregm

M  Rets  Ant.s

ov.b årsb res bal e.bal gj.bal rev i-rev k-res k-bal k-n k-rev i-k-rev n

alm.n kto d.k ik-fv funk u.off brev

BR-1001-09



Luster Idrettslag

**Resultat**

Dato: 16.02.2011

Periode: 1 - 12  
Regnskapsår: 2010

Side: 1

Konto	Tekst	Reelt I periode	Budsjett I periode	Avvik I perioden
<b>Driftsresultat</b>				
<b>Driftsinntekter</b>				
<b>Salgsinntekter</b>				
3321	Inntekter varesalg	-800,00	-2 600,00	1 800,00
3400	OFFENTLEGE TILSKOT	-45 075,00	-47 500,00	2 425,00
3440	ANDRE TILSKOT, GAVER	-47 910,54	-47 061,00	-849,54
	<b>SUM Salgsinntekter</b>	<b>-93 785,54</b>	<b>-97 161,00</b>	<b>3 375,46</b>
<b>Andre inntekter</b>				
3920	ÅRSKONTIGENT	-23 200,00	-19 800,00	-3 400,00
3960	BASAR OG LIGNENDE	-55 200,50	-54 000,00	-1 200,50
3990	DIVERSE INNTEKTER ADM	-1 217,00	0,00	-1 217,00
3991	DIVERSE INNTEKTER TRIM	217,90	0,00	217,90
3992	DIVERSE INNTEKTER FOTBALL	-4 010,00	-3 000,00	-1 010,00
3993	DIVERSE INNTEKTER SKI	-8 650,00	-8 000,00	-650,00
3994	DIVERSE INNTEKTER LUSTRALØPET	-27 525,80	-24 400,00	-3 125,80
	<b>SUM Andre inntekter</b>	<b>-119 585,40</b>	<b>-109 200,00</b>	<b>-10 385,40</b>
	<b>SUM Driftsinntekter</b>	<b>-213 370,94</b>	<b>-206 361,00</b>	<b>-7 009,94</b>
<b>Driftskostnader</b>				
<b>Varekostnad</b>				
4010	Startkontigenter	492,00	600,00	-108,00
4300	Innkjøp av varer for videresalg	2 400,00	0,00	2 400,00
	<b>SUM Varekostnad</b>	<b>2 892,00</b>	<b>600,00</b>	<b>2 292,00</b>
<b>Andre driftskostnader</b>				
6010	Avskrivning på transportmidler	4 000,00	6 800,00	-2 800,00
6340	LYS OG VARME	1 017,56	4 450,00	-3 432,44
6550	DIVERSE DRIVSUTGIFTER	2 310,32	2 500,00	-189,68
6600	VEDLIKEHALD	12 060,00	14 500,00	-2 440,00
6950	Bankboks	188,00	188,00	0,00
7410	MEDLEMSKONTIGENTER	13 769,00	12 000,00	1 769,00
7500	FORSIKRINGSPREMIE	9 433,00	9 200,00	233,00
7750	Bankgebyr	356,00	209,00	147,00
7792	DIVERSE UTGIFTER ADM INKL BASAR	34 765,76	23 600,00	11 165,76
7793	DIVERSE UTGIFTER TRIM	30 717,08	44 250,00	-13 532,92
7794	DIVERSE UTGIFTER FOTBALL	19 050,65	23 600,00	-4 549,35
7795	DIVERSE UTGIFTER SKI	33 206,14	42 450,00	-9 243,86
7796	DIVERSE UTGIFTER LUSTRALØPET	29 491,57	20 810,00	8 681,57
7797	DIVERSE UTGIFTER VOLLYBALLGRUPP	3 606,90	4 000,00	-393,10
7810	Tap/gevinst ved salg av anlegsmidler	-5 000,00	0,00	-5 000,00
	<b>SUM Andre driftskostnader</b>	<b>188 971,98</b>	<b>208 557,00</b>	<b>-19 585,02</b>
	<b>SUM Driftskostnader</b>	<b>191 863,98</b>	<b>209 157,00</b>	<b>-17 293,02</b>
	<b>SUM Driftsresultat</b>	<b>-21 506,96</b>	<b>2 796,00</b>	<b>-24 302,96</b>

**Finansinntekt og -kostnad****Finansinntekter**



Luster Idrettslag

### Resultat

Dato: 16.02.2011

Side: 2

Periode: 1 - 12  
Regnskapsår: 2010

Konto	Tekst	Reelt i periode	Budsjett i periode	Avvik i perioden
	<b>Renteinntekter</b>			
8040	RENTEINNTEKT	-2 817,00	-3 000,00	183,00
	<b>SUM Renteinntekter</b>	<b>-2 817,00</b>	<b>-3 000,00</b>	<b>183,00</b>
	<b>SUM Finansinntekter</b>	<b>-2 817,00</b>	<b>-3 000,00</b>	<b>183,00</b>
	<b>SUM Finansinntekt og -kostnad</b>	<b>-2 817,00</b>	<b>-3 000,00</b>	<b>183,00</b>
	<b>Årsresultat</b>	<b>-24 323,96</b>	<b>-204,00</b>	<b>-24 119,96</b>
	<b>Avsetninger</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
	<b>Årsresultat etter avsetninger</b>	<b>-24 323,96</b>	<b>-204,00</b>	<b>-24 119,96</b>



Luster Idrettslag

**Balanse**

Dato: 16.02.2011

Periode: 1- 12

Side: 1

Regnskapsår: 2010

Konto	Tekst	Inngående balanse	Reelt i periode	Utgående balanse
<b>Eiendeler</b>				
<b><u>Anleggsmidler</u></b>				
Varige driftsmidler				
1100	LAGERHUS	150 000,00	0,00	150 000,00
1120	HYTTE	150 000,00	0,00	150 000,00
1190	SCOOTER	19 000,00	-4 000,00	15 000,00
1191	Tilhenger med topp 2005	14 000,00	-14 000,00	0,00
1210	Lysløype i Dalsdalen under utførelse	52 134,58	-17 815,00	34 319,58
1220	Ballbinge	44 499,00	1 925,00	46 424,00
1221	Volleyballbane	69 762,00	-53 285,00	16 477,00
1250	Inventar	10 000,00	0,00	10 000,00
SUM Varige driftsmidler		509 395,58	-87 175,00	422 220,58
SUM Anleggsmidler		509 395,58	-87 175,00	422 220,58
<b><u>Omløpsmidler</u></b>				
Varer				
1460	Innkjøpte varer for videresalg	11 200,00	-2 400,00	8 800,00
SUM Varer		11 200,00	-2 400,00	8 800,00
Fordringer				
1500	Kundefordringer	1 800,00	-1 800,00	0,00
SUM Fordringer		1 800,00	-1 800,00	0,00
Bankinnskudd, kontanter o.l.				
1920	DRIFTSKONTO	58 515,43	73 004,96	131 520,39
1950	LANGTIDSSPARING	165 138,32	42 694,00	207 832,32
SUM Bankinnskudd, kontanter o.l.		223 653,75	115 698,96	339 352,71
SUM Omløpsmidler		236 653,75	111 498,96	348 152,71
SUM Eiendeler		746 049,33	24 323,96	770 373,29
<b>Egenkapital og gjeld</b>				
<b><u>Egenkapital</u></b>				
Over-/underskudd				
8800	Udisponert årsresultat (overskudd)	0,00	-24 323,96	-24 323,96
SUM Over-/underskudd		0,00	-24 323,96	-24 323,96
Opp tjent egenkapital				
2050	ANNEN EIGENKAPITAL	-746 049,33	0,00	-746 049,33
SUM Opp tjent egenkapital		-746 049,33	0,00	-746 049,33
SUM Egenkapital		-746 049,33	-24 323,96	-770 373,29
SUM Egenkapital og gjeld		-746 049,33	-24 323,96	-770 373,29



## Luster Idrettslag

### NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2010

Tilsette: Ingen

Ytingar: Leiar : Kr 500,-

Sekretær : Kr 500,-


Kasserar~ : Kr 500,-

Leiar Fotball : Kr 250,-

Leiar Trim : Kr 250,-

Leiar Ski : Kr 250,-

# Årsmelding 2010 For Luster Idrettslag



Frå opninga av Ballbingen

Årsmelding for Luster Idrettslag

vedteken på årsmøtet 17 februar 2011

## Årsmelding for styret.

styret i 2010 har bestått av:

Leiar – Svein Tore Heltne

Nestleiar – Per Høyheim

Kasserar – Svein Hatlevoll

Sekretær – Reidun Melås

Syremedlem – Geir Morten Brun

1.vara – Marianne Hauglum

2.vara – Leif Johan Vigdal

I løpet av 2010 har styret hatt 4 møter. Sakene har gått på praktisk drift av laget.

I juni opna me ballbingen og volleyballbana. Me hadde besøk av Oddstein Haugen frå Luster Sparebank, som hadde med seg ein sjekk på 35 000. Til opninga hadde me og besøk av Olav Kjos Wenjum frå kretsen, og Erling Bjørnetun frå Luster Kommune. Me hadde og flott underhaldning av Dale Skulemusikk, som og underheldt på Lustraløpet før på dagen.

I forbindelse med Lustraløpet fekk Geir Steig Luster Sparebanks satsingsstipend på kr 5000, for innsatsen i skisporet dei siste åra.



Årsmelding



3

Nytt i 2009 var innføringa av grasrotmidlar. I 2010 har det komme kr 14744 gjennom denne ordninga.

I mars vart den årlege basaren avvikla. Me må takke våre sponsorar og alle bedrifter og privatpersonar som stør oss med gåver. Resultatet vart netto omkring

I 2010 var me 202 medlemmar i Luster Idrettslag .

Elles i 2010 har me seld brakka i Dalsdalen , og me har og seld snøscooterhengaren.

Luster idrettslag er medlem av :

Norges skiforbund.

Norges fotballforbund.

Norges friidrettsforbund.

Norges Løpsorganisasjon.

Styret vil takka alle tillitsvalde og trenarar for innsatsen i 2010.

Me vil og rette ein takk til Luster Kommune for godt samarbeid .

Og stor takk til sponsorane våre som støtter oss år etter år.

Luster Sparebank    Øvrabø fargehandel

Luster Energiverk        Fjordglass

Spar Luster.

Styret : Svein Tore, Per, Svein, Geir Morten, Reidun

Kjempeflott innsats på dikka, stå på vidare.

Årsmelding for Luster Idrettslag        vedteken på årsmøtet 17 februar 2011



## Årsmelding for skigruppa 2010

Skigruppa har i 2010 arrangert seks skikarusellrenn på Jøng, med oppstart måndag 8.02. ein av måndagane avvikla me i tillegg merkjerenn med 27 deltakarar. I denne samanheng vart Åge Fjøsne og Vidar Ødegård med som tidtakarar. På grunn av dårleg vær og elendige forhold vart skisportens dag avlyst. Utdeling av premiar for karusellrenn og merkjerenn vart derfor på ein av friidrettskveldane.

Oddny Nornes har levert eiga årsmelding for dei aktive løparane , denne er lagt ved årsmeldinga.

Me har reinska løypetraseen for ein del gras og krattskog. Elles har me hatt vanleg vedlikehald av skihytta og snøskuterane.

Me har og seld brakka i Dalsdalen, og snøskuterhengaren i 2010.

Skiløypene vart opna med to spor nokre veker før jul.

### Skigruppa v/Arve Kvalsvik



## Års -rapport for dei aktive skiløparane 2010

I 2010 var det 4 aktive løparar som stilte til start for Luster idrettslag.

Irene Steig gjekk i klasse for jenter 11 år. Irene går 2 km. Stilte til start på 12-13 skirenn i heile fylke.

Irene vart nr. 2 i SSF-cupen. (Sogn og Fjordane cupen er fleire skirenn i heila fylke og dei 4 beste skirenna er avgjerande for samanlagtresultata.)

Ove Madsen var med på eit sprintrenn i Leirdalen for gutar 14 år.

Rune Steig går i klasse for gutar 14 år. Rune går 3 km. Rune stilte til start på 12 – 13 skirenn.

Vestlandsmeistarskapet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.) Rune vart nr. 9 på klassisk og nr. 17 på sprinten.

Rune vart nr.2 i SSF-cupen

Geir Steig gjekk i klasse for gutar 15år. Geir gjekk 5 km. Geir stilte til start på 12-13 skirenn her i fylke.

Geir vart nr.2 i SSF-cupen


Vestlandsmeister i klassisk 3 km. og nr. 4 på sprinten.

Hovudlandsrennet for 15 og 16 åringar var på Nes i Akershus.

Geir vart nr. 71 på klassisk av 247 og nr. 106 på sprinten av 236 og Geir var med på eit stafett lag frå Sogn og Fjordane.

Årsmelding for Luster Idrettslag

vedteken på årsmøtet 17 februar 2011



Her starta Geir på hovedlandsrennet med vetlebror til Petter Northug bak seg.



Irene nr.2 på pallen, frå SSF-cupen.

Rune i fristil løp på Tua i Nordfjordeid.

Årsmelding for Luster Idrettslag

vedteken på årsmøtet 17 februar 2011



7

## Årsmelding trimgruppa LIL 2010

### **Gruppa sine medlemmar: Gunn Kristin Alme-leiar**

Eva Irene Nyløy

Kari Anne Hollås

Kari Ingeborg Bukve

Monica Sognes

**Merkjetaking: Ingen tok idrettsmerkje i 2010**

Herretrim: Ingen aktivitet i 2010

Turorientering: Eva I Nyløy har vore LIL sin kontaktperson

ca. 80 personar frå Luster og omegn har delteke

Dametrim: Janne C.K. Sætherbø har vore ansvarleg

Har hatt aktivitet 2 kveldar à 1,5timar i veka, nesten heile året og i sommar

4-15 stk. har delteke

Idrettsskulen: I byrjinga av juni arrangerte me friidrettens -dag i samband med skulen. Her deltok alle elevane på skulen og i tillegg lærarane. Hadde aktivitetar i over 4 timar før me kosa oss med is og utdeling av deltakarpremiar

Årsmelding for Luster Idrettslag vedteken på årsmøtet 17 februar 2011



8

Friidrettsskolen starta opp siste veka i september og holdt på ut oktober. Her var 42 stk som deltok over 2 gonger

Bading på Skjolden var 4 veker i november; her deltok 44 stk

Siste måndagen i november hadde me avslutning med div. aktivitetar. Fekk "leiga" med oss nokon frå Fanaråk som hjalp oss med klatring og skyting-hadde i tillegg bading og div. leik i gymsalen. Avslutta ein hektisk men kjekk kveld med pepperkaker og saft

Monica, Kari Ingeborg og Gunn Kristin deltok på "Barneidrettskurs" på Hafslo siste helga i oktober. Frank Nymark frå Sogndal leia det

Me i trimgruppa ynskjer å takka alle som har vore med å hjelpt til på aktivitetane i 2010. Ser fram til eit nytt år med mykje leik og moro☺

Luster 09.01.11

Gunn Kristin Alme

Årsmelding for Luster Idrettslag

vedteken på årsmøtet 17 februar 2011



## Årsrapport for dei aktive friidrettsutøvarane 2010

Dette året har det vore 2 aktive utøvarar frå Luster Idrettslag; Amalie og Julie Hatlevoll. Dei har delteke på mange stemner og fått mange gode resultat.

Dei har delteke på:

- **Miljøhelg friidrett i Florø/Florø Games**
  - \* 60m A 2.plass og J 3.plass
- **YIT leikane i Førde**
  - \* 60m A 1.plass og J 3.plass
  - \* Lengde A 4.plass og J 6.plass
- **KM Førde**
  - \* 60m A 2.plass og J 3.plass
- **KM Byrkjelo**
  - \* Lengde J 4.plass of A 5.plass
- **NCC leikane på Osterøy; uttekne for å delta for Sogn og Fjordane**
  - \* 200m A 7.plass
  - \* Lengde A 11.plass
  - \* 60m A 13.plass
  - \* Slegge J 7.plass; ho var dessverre skada men klarde likevel delta her
  - Amalie vart òg teken ut til Donald og Tine stafetten.
- **DM Balestrand**
  - \* 60m og lengde A 1.plass og J 2.plass

**Flott innsats frå begge to☺**

Årsmelding for Luster Idrettslag

vedteken på årsmøtet 17 februar 2011



## Årsmelding 2010 – Fotballgruppa

Fotballgruppa:

Leiar: Trond Helge Eide

Nina Holen

Per Høyheim

Cathrin Furås

Lena Skare

Fotballgruppa har hatt ein fin sesong.

I tillegg til treningar kvar måndag, vekselvis i Luster og på Skjolden, har me i lag med IL Fanaråk

arrangert miniputt turnering på Skjolden 24. mai.

Turneringa på Skjolden gjekk fint og samarbeidet med IL Fanaråk var godt.

Sesongen 2010 - Fakta:

- Oppstart måndag 19. april
- Treningar kvar måndag frå kl. 18.00 – kl 19.00 (annankvar gang i Luster og på Skjolden)
- I alt 33 barn i alderen 6 – 12 år har delteke på trening og på turneringar
- Me har delteke med 5 lag på turneringane, 3 gutelag og 2 jentelag
- 9 gutar tok NFF's ferdigheitsmerke og mottok diplom og merke frå kretsen.
- Avslutning av fotbalsesongen 2010 var måndag 20 september. Markert med bollar og juice
- Treningar har vore; Nina Holen, Lasse Hærum, Linda Goldmann, Trond Helge Eide.

(Trenarane frå Luster IL har leda treningane både i Luster og på Skjolden. Hadde assistentar

frå IL Fanaråk)

- Kantslåttan rundt banen har i år blitt flott utført av Ove Madsen

Innkjøp:

- Det er kjøpt inn ny kantslåmaskin/ryddesag
- Det er kjøpt inn ein del nye fotballar og overtreksvestar
- Det er kjøpt tre sett med trenarkort-fotball. Desse er tenkt brukt i planlegging og gjennomføring av treningane (og til inspirasjon). Desse er delt ut til trenarane (Nina, Trond

Helge og Linda/Lasse)

Takk til alle som har stilt opp og hjulpet til på treningane og turneringane i sesongen 2010.

For Fotballgruppa

Trond Helge EideLeiar

Årsmelding for Luster Idrettslag

vedteken på årsmøtet 17 februar 2011


## Årsmelding Lustraløpet

Løpet vart i 2010 arrangert 13 juni, for 24 gong.

Også i år var løpet ein del av Lustradagane.

Tal deltakarar var i år 159 stk. Det var ei auke på 24 deltakarar frå året før.

Årets vinnar i herreklassen var Rune Opem, IL Dalebrand på ny løyperekord (31.16)



Vinnar i kvinneklassen var Ane Øvregard Røhme frå IL Bjørn.(45.52)



Årsmelding for L

Dale Skulemusikk stilte også i år, og dei marsjerte , spelande, frå start til mål.

Tusen takk til dei.



Til slutt vil me også i år takke alle som stiller opp og gjer ein dugnadsinnsats.

Vel møtt til 25-års feiring 13 juni i 2011.

Oddvar M/gjengen.



## Årsmelding volleyballgruppa

Medlemmer i gruppa har vore Svein Tore Heltne, Julius Fuhr, og Even M.Fåberg.

I 2010 har me arrangert to treningar i veka for aldersgruppa over 16.

Oppmøtet har variert frå 4-5 , til 12-13 stk. på ein kveld.

Alt i alt er det rundt 20 personar som har delteke på treningane.

Den nye sandvolleyballbana har vore brukt ein del i sommar, men bruken vil nok ta seg meir opp neste sommar om veret tillet det.

For volleyballgruppa , Svein Tore